

KONTAKTBLAD FOR

Nr.36 Mars 2004 15.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG



Årsmøte 2004



Fossen kro
Torsdag
1.april
kl 19.00

Kåseri ved
Helge
Albrecht
Larsen

Vanlege
årsmøtesaker:
Årsmelding,
regnskap, valg

Kaffe mv.
*Ta gjerne med idear
til ting du kan tenke
deg å arbeide med
innanfor
historielaget*



Nytt i samlinga

Sjølv om vi er langt på etterskudd med rydding og organisering i samlinga til historielaget, sett vi stor pris på nye bidrag. I denne omgang rettar vi stor takk til Tor Olav Fidjeland som etter opprydding i foreldras dødsbo har lagt ned ein god jobb i å plukke ut materiale som har sin rette plass hos Hjartdal historielag.

Far til Tor Olav var Torkel Fidjeland, mangeårig lærar i Sauland, først og fremst på

Landsverk skule. Han hadde både fotografi og smalfilm og anna oppsamla stoff som særleg handlar om skuleliv i Subygda i Sauland i 1960-åra. Mellom anna har han samla Hjartdal Lærarlags historie. 1879-1979.

Eit av bilda frå T. Fidjeland er dette frå ein busstur rundt i Telemark. Storskuleelevane frå Landsverk og Tuddal reiste saman, med Christiansens turistbuss frå Notodden. Her er dei truleg komme til Rjukan. Vi ser både Fidjeland, gamlelærar Nils Sønstebø og sjåføren på bildet. Dette må vere våren 1962



Teknisk utstyr - ei oppdatering

At ting er forgjengeleg er ein av grunnane til at ein treng historielag og folk med interesse for å ta vare på fortida. Mange nyare produkt har på ingen måte den tidlause og varige kvaliteten som mange av dei gamle kvalitetstinga vi er opptekne av innan vårt interesseområde.

Det eg vil fram til nå, er bare ei oppdatering til medlemene når det gjeld HHL's tekniske utstyrssamling.

Den bærbara datamaskinen som blei kjøpt inn tidleg på 1990-talet, sa takk for seg i 2003. Det same gjorde bildescanneren (Det var bare ei lampe som hadde gått, men reparasjonen ville koste meir enn ein rimeleg ny)

Førebels kjøper vi ikkje ny scanner. Redaktøren av dette bladet har sin private lett tilgjengeleg for dei oppgåvene der ein slik trengst.

Når det gjeld datamaskinen er dette løyst på ein ganske praktisk ny måte. I motsetning til i tidlegare tider er det nå datamaskinar tilgjengeleg både her og der - dvs i dei fleste heimar og på alle kontor. Desse blir også fornya etterkvart som standarden krev det. Derfor er



Maxtor ekstern harddisk

det ikkje noko stort behov for at HHL skal følge med på dette. I staden for datamaskin, har vi derfor kjøpt inn ein sjølvståande harddisk. Dette er sjølve hovudlageret til ein datamaskin, og i denne har vi lagt inn alt av innskrevne tekster, bilde, lydopptak (og etterkvart video) som laget eig. Denne harddisken kan til kvar tid koblast mot den datamaskinen som er tilgjengeleg, anten på eit kontor eller ein heimemaskin.

Elles minner vi igjen medlemmene på at vi har utstyr til låns:

Til lydopptak har vi ein kassett-bandopptaker, fullt brukbar, sjølv om andre medium nok bør foretrekkast til slikt bruk idag.

Vi har også eit digitalt fotoapparat som medlemmene kan låne og prøve for dei oppgåvene som måtte vere aktuelle.

Brother's Keeper - Slektadi på datamaskin

Vi har i tidlegare blad skrivne litt om dataprogram for slektstavler og slektsopplysningar. Nå vil vi gjere alvor av å sjå nærmare på dette. Dersom du har aldri så lite erfaring med datamaskin (tekstbehandling og lagring i mapper), så kan du møte på Sauland skule **mandag 19.april kl.19.00**. Leif Skoje vil vise programmet Brother's Keeper og instruere i bruk av dette frå grunnen av. Programmet er gratis frå starten av. Så ein kan prøve det ut utan kostnad.

Dersom det viser seg å vere interesse for dette, kan vi der og da bli enige om å halde fram med kurs eit par kveldar til. Kostnad for dette får vi eventuelt komme attende til.

Vil nokon prøve på eiga hand, så sjå på denne sida:
<http://home.online.no/~otjoerge/bk/>

Digitaliserte lydopptak

Mange timar med lydopptak er nå kopierte frå gammaldagse kassetar til digitalt format. Det meste er intervju med eldre tuddølar - gjort av Alf Mostue og Jon O.Bøen, men det finst også andre ting, f.eks. radioprogram og norsk-amerikanske musikk-opptak.

Digitalt format betyr at opp-taka ligg trygt på historielagets nye data-harddisk og kan lett kopierast derifrå til CD-plater eller andre format for den som måtte vere interessert. Lyden blir på denne måten også litt forbetra - redusert susing mv. Dessutan kan ein lett redigere - ta ut det ein treng i ulike samanhengar - digitalt eller på andre måtar.

Bondalsfilmen går unna

Bondalsfilmen har selt jamnt og bra etter at han var klar i fjor sommar. Avis-oppslag og andre gode omtaler har gitt gratis reklame, så mange i Hjartdal og elles har skaffa seg dette «oppslagsverket». Nye opplag er kopiert og filmen skal vere lett å få tak i framover. La oss igjen anbefale folk å skaffe seg filmen på DVD-plate sjølv om han finst på vanleg videokassett. Det er tidkrevande å spole videoband og leite seg fram gjennom ein 4 timars film.

Helge Albrecht Larsen

Helge Albrecht Larsen er pensjonert lektor frå den vidaregåande skulen på Notodden. Han har stor kunnskap om lokalthistoriske emne, mellom anna om dialekten i Heddal (og dermed Sauland som er nokså identisk) Vi har fått han som gjest på årsmøtet. Der vil han fortelje om litt av kvart av det han har vore opptatt av - og først og fremst om forfattarinna Ingebjørg Mælandsmo, som hadde sin familiebakgrunn frå Mælandsmo i Hjartdal, sjølv om ho levde livet sitt i Heddal.

Treverk frå stavkyrkja i Sauland?

Vi har fått i hus ein gammal, litt morken og gjennomhola bordbit. - tilsynelatande mogen for søppelbrenning. Nå er det bare det at sjansen er nesten 100% for at dette er ein av dei siste kjende restane av Sauland stavkyrkje.

Da kyrkja blei reven etter bygginga av den nye saulandkyrkja i 1860 blei noko av materialene brukte til den nye prestegardsbygningen som blei sett opp i dei same åra. Da denne bygningen blei riven i sekstiåra, kom dette for ein dag igjen, og noko av materialene blei tekne vare på, mellom anna hos Kåsa hyttepark i Hjartdal. Noko vart nytta til vøling av gamle hus, medan denne biten har blitt liggande unytta.

Vi er åpne for idear om korleis denne plankebiten ev. skal tas vare på. Årsmøtet



Villblomane sin dag

Frå Odd Vevle i Bø har vi blitt førebudde på at eit større arrangement er på trappene i Hjartdal til våren. Det er kalla Villblomane sin dag og datoen er 13.6.2004.

Her er utdrag frå eit førebels program. Meir vil truleg komme i media seinare.



Messe, mosjon, markblomster i hjarta av Telemark

...

Vandringa i kulturlandskapet kring Hjartdal kyrkje er eitt av mange arrangement for å feira "Villblomane sin dag". Det er Norsk botanisk forening (NBF) som har oppmoda sine medlemmer om å tilby sine kunnskapar for andre som vil høyra om og læra å kjenna villblomane. Det vert arrangera turar rundt om i heile landet. Meir om desse turane finn ein på nettadressa <http://www.toyen.uio./botanisk/nbf/villblomstdag>. I Telemark vert arrangert fleire andre turar.

Alle er velkomne til å vera med og spørja om planter. Både dei vanlege og eventuelt dei meir sjeldne. Flora og lupe kan vera kjekt å ha med. Turane er ikkje krevande og dei skal vara berre nokre få timar, det skal vera pause(r) undervegs, og turane er gratis.

I Hjartdal vert Villblomane sin dag feira med vandring i kulturlandskap med utgangspunkt ved Hjartdal kyrkje. Det er Telemark kyrkjeakademi sin semesteravslutning som er lagt til "Villblomstenes dag" i samarbeid med turlaga på Notodden, Gvarv? og Bø.

Turen i Hjartdal går på grusveg og litt asfalt gjennom tradisjonsrikt kulturlandskap med frodige bekkedrag og blomsterrike bakkar, kransa av hagemarkskog og edellauvskog. Vi kan nyta blomsterprakt på bakkar og vegkantar. Det vil også bli orientert om geologi, landskapsutvikling og lokalhistorie.

På kyrkjebakken etter gudstenesta vert det matøkt (medbrakt mat). Vandringa startar ca kl. 1230. Dei som ønskjer det kan få skyss på ein del av vegen. Turen går mest på grusveg, litt sti og litt asfalt.

Årsmelding 2002-2003

Historielaget har hatt bare eitt styremøte denne perioden, men ved hjelp av telefonkontakt og praktiske småmøte mellom styremedlemmer og andre impliserte i ulike prosjekt, har aktiviteten vore omtrent som vanleg.

Historielaget har hatt ei rolle også i innspurten ved utgjevinga av filmen om Bondal bygdetun, sjølv om stiftelsen sjølytsagt står for hovud-innsatsen. Ein må seie seg svært godt fornøgd med resultatet.

Ei noko mindre rolle har HHL hatt i utgjevinga av Ivar T.Dahls bok, Bygdeliv - Før i verden, men litt «konsulentarbeid» har det vore.

Begge desse prosjekta - og boka til Halvor Sisjord, er støtta økonomisk av laget.

Eit vellukka kombinert arrangement blei gjennomført i desember 2002. Her arrangerte vi ei bokmesse på Fossen kro, der

folk kunne sjå og kjøpe omlag all den lokalthistoriske litteraturen som er utgjeven i bygdene her. I tillegg hadde vi besøk av Hillborg Romtveit og Trygve Vågen som framførde programmet «My Mother's Tears»

Fotoutstillinga frå sommaren 2001 er nå utstilt på Tuddal bygdetun, og kjem bra til sin rett der inntil vidare.


På den tekniske sida skjer det også litt av kvart. Mykje av lyd-opptaka som vi har på kassett-band er nå digitaliserte.

Aktuell litteratur blir kjøpt inn til samlinga, og vi tek imot og lagrar stoff som blir gitt til Historielaget.

I tillegg foregår det eit jamnt arbeid med å legge Hjartdalshistorie ut på internettsidene. Og vi får stadig tilbakemeldingar frå folk som oppdagar ting på desse sidene.


Regnskapssammendrag 2002-2003

| | | |
|------------------------------|--------------|--------------|
| Saldo 1.1.2002 | kr 20 161,00 | |
| Kontingentar | | kr 2 880,00 |
| Kontor adm. | | kr 4 639,00 |
| tilskot publisering | | kr 18 000,00 |
| Teknisk utstyr | | kr 4 798,00 |
| Kjøp/salg av litteratur..... | kr 180,00 | kr 100,00 |
| Skrive/tolkarbeid | | kr 1 400,00 |
| Rest fotoutstilling | | kr 1 599,00 |
| Tilskot | kr 2 000,00 | |
| ukj | kr 300,00 | |
| Medlemspengar | kr 9 000,00 | |
| Renter | kr 170,00 | |
| Sum | kr 41 811,00 | kr 33 416,00 |
| Saldo 31.12.03 | kr 8 395,00 | |



Eit bilde treng ikkje vere så veldig gammalt for å vere historisk. Dette prospektkortet er truleg frå ca 1960 og viser, særleg til venstre i bildet, eit heilt anna Sauland sentrum enn idag.

Saulandunet kom i 1988. Før det var dette dei sentrale bygningane i Sauland. Bygningen i forgrunnen, heiter eigentleg Hagen nedre, og står omlag likeeins idag. Da bildet blei tatt var det kafè i første og telefonstasjon i andre etasje der. Det mørke huset til venstre heiter Lyngstad. Der budde Mari Melby som dreiv Løvheim Hotell tidlegare. Her hadde også ho kafè ein periode. Til venstre for kommunehuset, som her er ganske nytt, er butikken til Harald Moen. Og til venstre deretter er Sauland ungdomslags hus. Dette er nå flytta og er klubbhuset til Sauland idrettslag. Oppover langs Tuddalsvegen ser ein det er mykje mindre bygd enn idag.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to-hy@online.no
Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,
3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 lskojehotmail.com
Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*